



Utval:	Eidfjord Fjellstyre		
Møtestad:	Kommunehuset		
Møtedato:	11.12.2008		
Tidspunkt:	20:00 - 22.00	Saksnr:	032/08 – 033/08

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Sekretær Gunnar Elnan

Merknader til innkalling:

Ingen merknader.

Orienteringar

HF AS, nedbemanning m 1 ½ stilling pga SNO sin tenestekjøp som har stått stille og ikkje verte kompensert for prisstigning.

Villmarkshelg

13. – 14. juni 2009. Lars Kristian Eidnes kontaktar ressurspersonar som grunnlag for oppstartsmøte.

Leirduebane i Eidfjord

Stig Atle Grindeland har teke kontakt med formann som orienterte. Fjellstyret er positive til engasjementet og initiativet.

Garnefiskestatistikk, sekretær orienterte om sentrale resultat.

Jegerprøvekurs. Fjellstyret er positiv til å bidra økonomisk til at Eidfjord Jakt og Fiskelag arrangerer kurs.

Småviltjakta: sekretær orienterte om sentrale resultat frå taksering samanhelde med fellingsresultatet. Det vert arbeidd med ei samla gjennomgang av småviltforvaltningen på statsalemenningane.

Underskrifter:

Me stadfestar med våre underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eidfjord, 16.12.2008

Vidar Riber

Liv Myklatun

SAKLISTE

Sak nr.	Saktittel
032/08	Uttale til søknad om restaurering av hytte ved Tinnhølen
033/08	Søknad om medfinansiering av reguleringsplan for Tinnhøloområdet Eidfjord kommune

032/08: Uttale til søknad om restaurering av hytte ved Tinnhølen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord fjellstyre vil tilrå omsøkte ombygging under følgjande føresetnader;

1. Hytta får tretak som skal få ei naturleg grånande farge.
2. Hytta skal ha liggjande kledning og malast/beisast i ein grå/grøn farge som står godt til terrenget.
3. Hytta skal ha småruta glas.

11.12.2008 Eidfjord Fjellstyre

Handsaming:

Det vart sett fram slikt framlegg til vedtak:

Nytt pkt. 4 : Pipa skal blendast med naturfarga stein

Røysting:

Samrøystes vedteke med tillegg.

EFS-032/08 Vedtak:

Eidfjord fjellstyre vil tilrå omsøkte ombygging under følgjande føresetnader;

1. Hytta får tretak som skal få ei naturleg grånande farge.
2. Hytta skal ha liggjande kledning og malast/beisast i ein grå/grøn farge som står godt til terrenget.
3. Hytta skal ha småruta glas.
4. Pipa skal blendast med naturfarga stein

033/08: Søknad om medfinansiering av reguleringsplan for Tinnhøloområdet Eidfjord kommune

Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord fjellstyre bidreg til planarbeidet med kr 10 000,-

11.12.2008 Eidfjord Fjellstyre

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke.

EFS-033/08 Vedtak:

Eidfjord fjellstyre bidreg til planarbeidet med kr 10 000,-